

# Ny kommunelov

Ved kongeleg resolusjon av 21. juni 2013, vart det sett ned eit utval som skulle gjere ein heilskapleg gjennomgang av kommunelova.

Utvalet på tretten personar og eit sekretariat på tre, overleverer si innstilling i dag - torsdag den 10. mars 2016.

**NOU 2016:4**

# Kommunalt sjølvstyre

*Vi vil lovfeste*

- ✓ Det kommunale sjølvstyret
- ✓ Avgrensingar i sjølvstyret må ha heimel i lov
- ✓ Prinsipp for nasjonale styresmakter sitt forhold til kommunane

# Folkevalde og administrasjon

- ✓ Tydeleggjere rolla til dei folkevalde og til administrasjonen, blant anna gjennom å gjøre skiljet mellom dei klårare
- ✓ Opne for at kommunane kan bestemme at ordføraren skal veljast direkte av innbyggjarane
- ✓ Utvide høvet til å ha fjernmøte i kommunestyret og andre folkevalde organ
- ✓ Utvide retten til dei folkevalde til å ha innsyn i administrasjonen sine dokument
- ✓ Lovfeste namnet på visse folkevalde organ
- ✓ Innføre kommunedirektør som ny kjønnsnøytral tittel på leiaren av kommunen sin administrasjon

# Parlamentarisme

- ✓ Framleis ha parlamentarisk styreform som alternativ til formannskapsmodellen
- ✓ Men: strengare krav for å kunne føre inn parlamentarisme (2/3 fleirtal)
- ✓ Styrke kommunestyret og opposisjonen i parlamentarisk styrde kommunar

# Effektive, tillitsskapande og bærekraftige kommunar

- ✓ Styrke openheit og innsyn i kommunane ved blant anna nytt krav om at kommunane sin informasjon om verksemda skal inkludere verksemd som andre rettssubjekt utfører på vegne av kommunen, og ved krav om at kommunane skal legge til rette for at alle kan få tilgang til informasjon om verksemda.
- ✓ Prinsippet om møteoffentlegheit skal gjelde for alle folkevalde organ med unntak av kommunerådet i kommunar med parlamentarisme
- ✓ Lovfeste at kommunestyremedlemmer ikkje har høve til å bli valde til styret i kommunale foretak, slik at vi unngår dobbeltrollar og habilitetsproblem
- ✓ Lovfeste at ordfører på visse vilkår skal kunne suspenderast eller takast frå vervet som ordførar

# Økonomi

- ✓ Lovfeste ein generalbestemmelse som slår fast at kommunane skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevna blir ivaretaken over tid
- ✓ Lovfeste ei plikt til å nytte finansielle måltal som et verktøy for den langsiktige styringa av kommunane sin økonomi, samstundes med eit utvida krav til å gjere greie for kommunen sin økonomi i årsmeldinga
- ✓ Nye reglar for å rekne ut minimumsavdrag på lån, avdraga blir knytt til kapitalslitet.
- ✓ Klargjere rettsverknadene av at ein kommune gjer disposisjonar i strid med økonomibestemmelsane
- ✓ Lovfeste ei tiltaksplikt (aktivitetsplikt) for kommunar i ROBEK som skal bidra til at økonomien kjem tilbake i balanse

# Utgangspunkt for kontrollarbeidet

- ✓ Kommunestyret er avhengig av god eigenkontroll for å kunne ivareta det overordna kontrollansvaret
- ✓ Tilsyn og kontroll skal bidra til læring om kva som faktisk skjer og kva som skal til for å endre det som vi ikkje er nøgde med
- ✓ Styrka eigenkontroll kan styrke det kommunale sjølvstyret
- ✓ God eigenkontroll bør redusere det statleg tilsynet

# Kontroll og tilsyn

- ✓ Lovfeste ein ny og meir omfattande bestemmelse om internkontroll til erstatning for internkontrollregulering i særlovgivinga
- ✓ Lovfeste krav om rapportering om internkontroll og tilsyn til kommunestyret
- ✓ Styrke styringa og kontrollen med selskap mv. ved å innføre krav om at kommunen skal utarbeide eigarskapsmelding og ved å lovfeste at revisor og kontrollutvalet har rett til innsyn i den delen av ekstern verksemd som utfører tenester for kommunen
- ✓ Styrke fylkesmannens rolle ved samordning av tilsyn ved at fylkesmannen gis meir mynde overfor andre statlege tilsynsmynde til å hindre at omfang og detaljeringsgrad ved tilsyn mot den enkelte kommunen blir for stort